



DEN NORSKE KIRKE

Alver kyrkjelege fellesråd

Møteinnkalling

Alver kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 20.05.2021 kl. 15:30

Møtested: Rasteplassen - Radøy kyrkjekontor

Arkivsak: 19/05178

ISDALSTØ, 18.05.2021

John Fredrik Wallace
Sekretær

**DEN NORSKE KYRKJA**

Alver kyrkjelege fellesråd

Saksliste

Alver kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 20.05.2021 kl. 15:30

Møtestad: Rasteplassen - Radøy kyrkjekontor

Arkivsak: 19/05178

Meld eventuelt forfall snarast på tlf +47 48284872 eller e-post jw734@kyrkja.no.
Vararepresentanter møter etter nærare melding frå møtesekretær.

SAKSLISTE**Godkjenning av innkalling og saksliste****Godkjenning av protokoll****Saker til behandling**

13/21	21/03881-1	Budsjett 2022 for Alver kyrkjelege fellesråd
14/21	21/03879-1	Strategiplan Alver kyrkjelege fellesråd
15/21	20/05544-12	Program fellesmøte fellesråd-sokneråd 03.06.21
16/21	20/07704-4	Tertialrapport 1. tertial 2021
17/21	19/05178-31	Møteplan haust 2021

Orienteringssaker**Eventuelt**

Knarvik, 18.05.2021

[Click here to enter text.](#)

John Fredrik Wallace
møtesekretær



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	11	21/03881-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	13/21	20.05.2021

Budsjett 2022 for Alver kyrkjelege fellesråd

Vedlegg:

Budsjettforslag drift 2022.jf.tilpasset

Saksframlegg

Fellesrådet må vedta forslag til budsjett for 2022, som grunnlag for søknad om tilskot frå Alver kommune. Ordførar har oppmoda fellesrådet om å vera rask med å sende budsjett-søknaden, og det er grunnen til at fellesrådet sitt møte blei no i mai.

Rådmannen vil leggja fram forslag til endeleg 2022-budsjett for kommunen etter at statsbudsjettet kjem i oktober. Fellesrådet må vedta sitt endelege budsjett seinast éin månad etter at kommunen har vedtatt sitt budsjett, det vil seie i midten av januar 2022.

Fellesrådet har ikkje vedtatt ein strategi eller spesiell prioritering - utover vedlikehaldsplan for kyrkjene. Administrasjonen sitt arbeid med kyrkja sitt 2022-budsjett bygger på ei enkel drøfting i leiargruppa saman med rekneskapsførar. Vi har drøfta og korrigert post for post, til vi har eit meir kvalitetssikra resultat. Dessverre så inneber ei slik kvalitetssikring av postane ofte at dei aukar.

Kommentarar til nokon av postane som er endra samanlikna med 2020-budsjettet:

- 3011. NY: 50% stilling administrasjon fellesrådet. Vi ønsker å prøva igjen, sjølv om kommunen før har sagt nei. Stillinga er tiltenkt oppgåver som: arkivar, følgje opp personalarkiv, administrativ støtte til driftsleiar, telefoni, fellesrådet si nettside, mm.
- 3635. Festeavgift. Mest realistisk med ei lågare avgift enn i 2020 (og 2021)
- 3230. Kr 500.000 til vanleg vedlikehald av kyrkjene (kr 300.000 i 2021 + korona vedlikehald)
- 3243. Pianostemming. Posten må auke. Kanskje må vi be sokna om å betale for å stemme sine egne møtepiano?
- 3151. Vi har auka litt i post til kurs og utdanning, og redusert litt i post 3143 til informasjon (i praksis har vi ikkje så mange avisannonsar mm).
- 3191. Husleige, her må vi vera obs. Nå leiger vi lokale på Frekhaug, Manger og Lindås senter. Det kan bli prisauke i alle 3 kontraktane. Vi veit ikkje no kor høge leigene blir, men det blir vanskeleg å redusera andre poster tilsvarande. I praksis må kommunen finansiera ei auke i leigene. (Det er ikkje satt inn ei uke i budsjettet)
- Mindre endringar i dei andre postane

Budsjettet er elles satt opp med ei indeksering, der det er naturleg.

Budsjettet viser at vi må auka inntekten med om lag kr 1,5 mill for å få balanse.

Kykjeverja foreslår at fellesrådet søker kommunen om at tilskotet aukar med kr 1,5 mill samanlikna med 2021.

Alternativet, kutt i utgiftene, kan vi drøfte når vi har tilbakemelding frå kommunen.

Forslag til vedtak

Fellesrådet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2022, og søker kommunen om ei auke i driftsstøtta på kr 1,5 mill (inkl indeksering).

(jeg er litt usikker på hvordan dere vil formulere dette)

3500 Renteutgifter	800 000,00	850 000,00		850 000,00			
3511 Avdrag på lån	2 220 000,00	2 220 000,00		2 220 000,00			
Netto finansinntekter/-utgifter	3 020 000,00	3 070 000,00	-	3 070 000,00	-	-	-
3950 Bruk av bundne fond							
3941 Bruk av driftsfond	(2 000 000,00)						
	(0,00)	1 578 528,67	8 960 241,21	14 085 513,16	4 215 774,30	(550 000,00)	(25 133 000,00)

Filen ble ikke funnet. Den er enten slettet, eller sjekket ut.



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	111	21/03879-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	14/21	20.05.2021

Strategiplan Alver kyrkjelege fellesråd

Saksframlegg

Alver kyrkjelege fellesråd starta 01.01.20, men har verken strategi eller mål. Rett nok har vi ganske avklarte ansvarsområde – definert i tidlegare kyrkjelov mm, vi har nokre rutinar, vi har eit budsjett som setjer rammer for årets aktivitetar, men elles svært lite som seier kva mål eller ambisjonar vi har.

Sokna på si side har komme eit godt stykke i å laga mål og strategi for sitt arbeid.

Men treng vi ein strategi for fellesrådet? Nokon meiner fellesrådet berre er til for sokna, og slik sett bør vi kanskje gjere minst mogeleg ut av oss - utover det openberre knytt til gravferd, bygningar, økonomi og personalforvaltning. Da er det kanskje å overdrive å lage ein strategi, og snart skal vi påny bli omorganisert ...

Sett frå kyrkjevevja si side er det eit tydelig savn at fellesrådet ikkje har ein strategi. Er det noko vi vil oppnå - anna enn å støtte sokna med pengar når dei spør om det? Kva skal vi styre etter? Er alt like viktig? Skal vi ta det på hælen kvar gong vi får spørsmål om prioritering? Og korleis skal vi klare å få kommunen med på å utvikle kyrkja viss vi ikkje veit kvar vi vil gå sjølve?

I kirkeordning for DNK, vedtatt av Kirkemøtet, står det: «*Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.*»

Sitatet over sier klart at fellesrådet har ei plikt til å lage mål og planar for det kyrkjelege arbeidet i kommunen.

Vi tok ei kort drøfting på eit leiarmøte nyleg, spurde om strategi. Det blei peika på fleire område som vi burde drøfte i ein strategiplan. Planen bør ikkje vera så omfattande, men det vil vera nyttig å ha langsiktige mål og strategiar.

Når det gjelder prosess er ein moglegheit å bruke ressursar i KA. T.d har Marit Brandt Lågøyr, direktør for strategi og samfunnskontakt, sagt seg villig til å bistå fellesrådet i ein strategiprosess. Det kan starte digitalt, og seinare blir til ein «fysisk prosess» i fellesrådet, eller vi kan ta alt fysisk. Vi kan også tenke oss ein open prosess der vi m.a. spør eksterne «interessentar» - som kommunen og andre, og kva område dei meiner at kyrkje skal prioritere, samhandligstema etc?

Dersom vi starter med å laga ein strategi, kan det vera lurt å sette ned ei arbeidsgruppe i kyrkja, som får ansvar for å gjennomføra strategiarbeidet.

Så spør det kva fellesrådet meiner – ønsker rådet å starte arbeidet med å utvikle strategi?

Forslag til vedtak

Fellesrådet drøfta saka, og blei einig om



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	415	20/05544-12	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	17/21	20.05.2021

Program fellesmøte fellesråd-sokneråd 03.06.21

Saksframlegg

Vi håper framleis at fellesmøte fellesråd-sokneråd 03.06 kan bli gjennomført. Det blir i Knarvik kyrkje, og vi har satt tidspunkt frå kl 18-20.

Alle detaljar for dagen er ikkje klare, men programmet ser slik ut:

- *Åpning*
- *Felles diakoniplan for sokna. Arbeidsgruppe leia av Helge T:*
 - o *Skisse til moglege fellesprioriteringer innanfor diakoni*
 - o *Presentasjon frå ei arbeidsgruppe; diakonar, spesialprestar og prost*
 - o *Gruppearbeid (blanda)*
- *Orientering om arbeid med felles verdibevarande vedlikehaldsplan for kyrkjene*
- *Orientering om fellesrådsøkonomi*
- *Anna?*

Korleis involvere fellesrådet sine medlemmer?

Skal vi ha servering?

Forslag til vedtak

Fellesrådet tok saka til orientering



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	110	20/07704-4	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	16/21	20.05.2021

Tertialrapport 1. tertial 2021

Saksframlegg

Vi hadde planlagt sak med tall og kommentarar til møtet som var satt opp 03.06. Når vi nå flytta møte fram til 20.05, så rekk vi ikkje å gjere klar sak før utsendingen.

Aider AS (tidl Akasia) som fører rekneskapet for oss, har lova ein skrifteg rapport til 20.05. Kyrkjeverja vil presentere rapporten på møtet 20.05

Forslag til vedtak

Fellesrådet tok rapport frå 1. tertial 2021 til vitande



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	414	19/05178-31	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	15/21	20.05.2021

Møteplan haust 2021

Saksframlegg

Fellesrådet må setja opp møteplan for haust 2021. Foreslår at fellesrådet har to ordinære møter haust 2021 og like gjerne sett opp eit budsjettmøte i januar 2022.

Skal det vera fellesmøte med sokna til hausten? Er det til dømes aktuelt med felles drøfting av høyring om ny organisering av DNK?

Forslag til vedtak

Fellesrådet fastset tre møtedatoar:

- Torsdag 23. september: ordinært møte
- Torsdag 25. november: ordinært møte
- Torsdag 20. januar 2022: budsjettmøte